



Fylkesmannen i Vestland

Aurland kommune  
Vangen 1  
5745 Aurland

# TILSYNSRAPPORT

Aurland kommune sitt forsvarlege system,  
jf. opplæringslova §13-10 andre ledd.

Tema:

Skuleeigar sitt forsvarlege system - PPT: Utarbeide sakkunnige vurderingar og hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen

Sak 2019/10989

## Innhald

Samandrag .....	3
1. Innleiing.....	4
2. Om tilsynet med Aurland kommune som skuleeigar.....	4
2.1 Tema for tilsyn .....	4
2.3 Om tilsynsrapporten.....	5
3. Utarbeide sakkunnige vurderingar og hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen .....	6
3.1 Rettslege krav - utarbeide sakkunnige vurderingar .....	6
3.2 Rettslege krav - hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen .....	8
4. Fylkesmannens observasjonar, vurderingar og konklusjonar .....	10
4.1 Utarbeide sakkunnige vurderingar .....	10
4.2 Hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen .....	13
5. Førehandsvarsel om vedtak.....	17
6. Frist for retting av brot på regelverket .....	18
Vedlegg: Dokumentasjonsgrunnlaget .....	19

## Samandrag

Tilsynet blei opna før den nye kommunelova trådde i kraft, og reglane i den gamle kommunelova gjeld difor for dette tilsynet.

### Tema og regelverket sin funksjon

I dette tilsynet har vi kontrollert Aurland kommune som skuleeigar sine oppgåver i forhold til PPT sine oppgåver. Sogn PPT er ei interkommunal teneste og gir pedagogisk psykologiske tenester til skulane i Aurland kommune. Opplæringslova § 13-10 andre ledd seier at kommunen skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte. PPT sine oppgåver går fram av opplæringslova, jf. særleg §§ 5-3 og 5-6.

### Kvifor Aurland kommune og PPT vart for tilsyn?

Vår risikovurdering går fram av vårt varselbrev datert 16. mai 2019:

Aurland kommune har tidlegare kjøpt tenester frå Voss PPT, men frå 01.08.2016 har kommunen fått tenester frå Sogn PPT. Vi fører tilsyn med Sogn PPT, som er eit interkommunalt PPT-kontor, om deira tenester til grunnskulane i Aurland kommune.

Tidlegare tilsyn har vist regelverksbrot i forhold til skuleeigars system, og difor fører vi nytt tilsyn med skuleeigars forsvarlege system, men denne gongen i forhold til PPT sine oppgåver.

Under tilsynet vart PPT-leiar ved Sogn PPT langtidssjukmeldt. Leiaroppgåvene vart difor fordelt på fleire tilsette. Interne leiaroppgåver vart fordelt på tre PPT-tilsette ved kontoret og eksterne leiaroppgåver vart lagt til konstituert kommunalsjef i Sogndal kommune. Då leiaroppgåvene er fordelt på fleire, har vi nytta PPT-leiing i staden for PPT-leiar i rapporten.

### Dokumentasjon

Både skuleeigar og PPT-leiinga har fylt ut eigenvurderingar gjennom RefLex<sup>1</sup> og som gjeld skuleeigars forsvarlege system. Eigenvurderingane vart levert innan fristen 19. august 2019. Det vart gjennomført intervju med skulefagleg ansvarleg i Aurland kommune den 26. september der også påtroppande rådgjever deltok. Den 15. oktober gjennomførte vi intervju med PPT-leiing og PPT-tilsette ved Sogn PPT.

### Funn og konsekvensar

Fylkesmannen konkluderer med at Aurland kommune som skuleeigar ikkje har eit forsvarleg system i samsvar med regelverket, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd. Dette gjeld PPT si oppgåver, det vil seie å utarbeide sakkunnige vurderingar og å hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen for å leggje betre til rette for elevar med særskilte behov.

Aurland kommune hadde rett til å kommentere på den førebelse tilsynsrapporten, jf. forvaltningslova § 16 og fristen var sett til 18. desember 2019, men det var ikkje sett fram merkander til den førebelse rapporten. Rapporten vert no gjort om til endeleg tilsynsrapport. Kommunen har frist for retting av regelverksbrota til **23. mars 2020**.

---

<sup>1</sup> Utdanningsdirektoratet: <https://reflex.udir.no> Nettbasert verktøy som skal gi offentlege skular og skuleeigar hjelp til å vurdere om eigen praksis er i samsvar med opplæringslova med tilhøyrande forskrifter.

## 1. Innleiing

Fylkesmannen fører tilsyn med at kommunen oppfyller dei pliktene som er pålagt i eller i medhald av opplæringslova, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova kapittel 10 A.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir haldne, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Dersom kommunen ikkje følgjer regelverket, kan Fylkesmannen påleggje retting etter at kommunen har fått ein frist for å rette regelverksbrota.

Tilsyn er utøving av offentleg myndigheit, og blir gjennomført i samsvar med reglane i forvaltningslova og offentleglova.

Den førebelse tilsynsrapporten gir ikkje ei heilskapsvurdering av skuleeigaren sitt forsvarlege system. Rapporten omhandlar berre resultat knytt til temaet som er valt, og på det tidspunktet tilsynet er gjennomført. Når det gjeld metode for tilsyn etter opplæringslova, har Utdanningsdirektoratet utarbeidd ei eiga handbok som Fylkesmannen skal nytte. Handboka<sup>2</sup> ligg på Utdanningsdirektoratets nettsider.

## 2. Om tilsynet med Aurland kommune som skuleeigar

Sidan våren 2018 har rektor ved Flåm skule fungert som skulefagleg rådgjevar. Under tilsynet tilsette Aurland kommune ny skulefagleg rådgjevar under rådmannen. Vedkomande deltok i intervju med fungerande skulefagleg rådgjevar, men har elles ikkje vore involvert i tilsynet, til dømes innsending av eigenvurding i RefLex.

### 2.1 Tema for tilsyn

Hovudtemaet spesialundervisning inngår i felles nasjonalt tilsyn frå 2018 og er delt inn i tre delar:

1. PPT sitt ansvar for å utarbeide sakkunnige vurderingar og hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen.
2. Gjere vedtak om spesialundervisning.
3. Planlegge, gjennomføre og følgje opp spesialundervisninga.

I dette tilsynet undersøker vi om Aurland kommune som skuleeigar har eit forsvarleg system for å vurdere om PPT oppfyller krava i regelverket, for å utarbeide sakkunnige vurderingar og hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen.

Parallelt med dette tilsynet har vi ført tilsyn med Sogn PPT, det vil seie om tenesta oppfyller krava til å utarbeide sakkunnige vurderingar og hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen. Det er utarbeidd eigen tilsynsrapport for Sogn PPT.

---

<sup>2</sup> Metodehåndbok for tilsyn - en håndbok for tilsyn i metode for tilsyn etter barnehageloven og opplæringsloven.

## 2.2 Om gjennomføringa av tilsynet

Aurland kommune vart i varselbrev 16.mai 2019 bedt om å legge fram dokumentasjon med heimel i kommunelova § 60 c.

Tilsynet blei difor opna før den nye kommunelova trådde i kraft, og reglane i den gamle kommunelova gjeld difor for dette tilsynet.

Aurland kommune får tenester frå Sogn PPT som er ei interkommunal pedagogisk psykologisk teneste for kommunane Aurland, Balestrand, Leikanger, Sogndal og Vik. Kontoret yter tenester til vidaregåande skular i Sogndal, Aurland og Balestrand. Frå 1. januar 2020 vert Balestrand, Leikanger og Sogndal kommune slått saman til Sogndal kommune. Vidare vert Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune slått saman til Vestland fylkeskommune frå 1. januar 2020.

I varselet om tilsyn frå Fylkesmannen er det informert om at Aurland kommune og Sogn PPT er valde ut på bakgrunn av kor sannsynleg det er at krava i regelverket ikkje er oppfylte, og kva for konsekvensar det kan få for elevane. I vår risikovurdering har vi lagt vekt på følgjande:

- Aurland kommune har tidlegare kjøpt tenester frå Voss PPT, men frå 01.08.2016 har kommunen fått tenester frå Sogn PPT. Vi fører tilsyn med Sogn PPT, som er eit interkommunalt PPT-kontor, om deira tenester til grunnskulane i Aurland kommune.
- Tidlegare tilsyn har vist regelverksbrot i forhold til skuleeigars system, og difor fører vi nytt tilsyn med skuleeigars forsvarlege system, men denne gongen i forhold til PPT sine oppgåver.

I varselbrevet bad vi om sakkunnige vurderingar frå Aurland kommune.

Kommunen hadde frist til 19. august 2019 for å levere eigenvurdering i RefLex<sup>3</sup>, dvs. frå skuleeigar og frå leiinga ved Sogn PPT. Eigenvurderingar og dokumentasjon vart levert innan fristen.

26. september 2019 gjennomførte vi intervju via video med fungerande skulefagleg rådgjevar og påtroppande skulefagleg rådgjevar.

Fylkesmannens vurderingar og konklusjonar i tilsynsrapporten er basert på skriftleg dokumentasjon og intervju, jf. vedlegg om dokumentasjonsgrunnlag.

## 2.3 Om tilsynsrapporten

Då kommunen har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir etterlevde, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd, er kommunen difor adressat for tilsynsrapporten.

Gjennom denne tilsynsrapporten gjev vi kommunen eit førehandsvarsel om at Fylkesmannen kan vedta pålegg om retting av regelverksbrot, jf. forvaltningslova § 16. I den endelege tilsynsrapporten får Aurland kommune ein rimeleg frist til å rette

---

<sup>3</sup> Utdanningsdirektoratet: <https://reflex.udir.no> Nettbasert verktøy som skal gi offentlege skular og skuleeigar hjelp til å vurdere om eigen praksis er i samsvar med opplæringslova med tilhøyrande forskrifter

regelverksbrotet før vi eventuelt vedtek pålegg om retting. Dette vil først skje dersom kommunen ikkje rettar opp brota på regelverket.

Når vi i rapporten nyttar omgrepet skuleeigar, meiner vi Aurland kommune som skuleeigar.

Nokre stader i rapporten skriv vi « utvikle kompetansen og organisasjonen» i staden for å skrive PPT si oppgåva fullt. I dette ligg det at PPT skal hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen, for å leggje betre til rette for elevar med særskilte behov.

Under tilsynet vart PPT-leiar ved Sogn PPT langtidssjukmeld. Leiaroppgåvene vart difor fordelt på fleire tilsette. Dei interne leiaroppgåvene vart fordelt på tre PPT-tilsette ved kontoret, og dei eksterne leiaroppgåvene vart lagt til konstituert kommunalsjef i Sogndal kommune. Då leiaroppgåvene er fordelt på fleire, har vi nytta PPT-leiing i staden for PPT-leiar i rapporten.

Aurland kommune hadde frist til 18. desember 2019 med å kommentere den førebelse tilsynsrapporten. Då kommunen ikkje har sett fram merknader, vert rapporten no gjort til endeleg tilsynsrapport. Frist for retting av regelverksbrota er satt til **23. mars 2020**.

### **3. Utarbeide sakkunnige vurderingar og hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen**

#### **3.1 Rettslege krav - utarbeide sakkunnige vurderingar**

Som skuleeigar skal Aurland kommune ha eit forsvarleg system for å vurdere om PPT oppfyller krava i regelverket og for å følgje opp resultatata frå desse vurderingane, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd.

Kravet til eit forsvarleg system inneber at kommunen må innhente informasjon om korleis PPT tek hand om

- å utarbeide sakkunnige vurderingar
- å hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen

#### **Skaffe informasjon om korleis PPT utarbeider sakkunnige vurderingar, inkludert elevane sitt syn**

Kravet til eit forsvarleg system inneber at skuleeigar må innhente informasjon om korleis PPT tek hand om krava til å utarbeide sakkunnige vurderingar. Kommunen kan finne slik informasjon i PPT sine planar, rutinebeskrivingar og annan dokumentasjon som skildrar PPT sitt arbeid, gjennom korrespondanse eller samtalar med PPT-leiinga, tilsette, elevar og foreldre.

Informasjonen kommunen som skuleeigar innhentar, må vere relevant og tilstrekkeleg til å kunne gi skuleeigar eit rett bilete av kva som er praksisen til PPT. For å få eit rett bilete er det som regel nødvendig at skuleeigar baserer dette på informasjon frå fleire kjelder. Spesialundervisning gjeld først og fremst elevane, og elevane har rett til å bli høyrde i saker som gjeld dei. Skuleeigar kan for eksempel få informasjon om elevane sine

synspunkt på PPT sitt arbeid med sakkunnige vurderingar frå elevar som har vedtak om spesialundervisning, jf. barnekonvensjonen artikkel 12.

For at systemet skal vere forsvarleg, inneber dette at skuleeigaren jamleg må innhente og vurdere informasjon om korleis PPT tek hand om krava til å utarbeide sakkunnige vurderingar og om skulane sin praksis. Samstundes må systemet vere fleksibelt, slik at skuleeigar har høve til å innhente og vurdere informasjon når risikoen tilseier det. Kva som er ofte nok og kor inngåande skuleeigar må undersøke skulane sin praksis, vil variere ut frå skuleeigars kjennskap til skulane. Sjansane for brot på regelverket og kor alvorlege konsekvensar det kan ha for elevane, har også noko å seie for kor ofte og inngåande skuleeigar må undersøke skulane sin praksis. Dersom brot på regelverket kan gå over lang tid utan å bli avdekt, er ikkje systemet forsvarleg.

### **Bruke informasjonen til å vurdere om PPT sitt arbeid er i samsvar med regelverket**

For å kunne vurdere om PPT oppfyller krava til å utarbeide sakkunnige vurderingar, må skuleeigar ha ei rett forståing av krava. Skuleeigar treng ikkje å ha inngåande kjennskap til alle krava, men må ha ein overordna kjennskap til kva krav som følgjer av regelverket og kva som skal til for å oppfylle dei.

Skuleeigar må bruke all informasjonen dei har om praksisen til PPT til å vurdere om PPT oppfyller krava til å utarbeide sakkunnige vurderingar. Som skuleeigar kan ein ikkje sjå bort frå visse deler av informasjonen, men må bruke all informasjonen de har til å vurdere kva som er sannsynleg praksis hos PPT. I tillegg må skuleeigar vurdere denne praksisen opp mot krava i regelverket.

### **Endre PPT sin praksis dersom nødvendig**

Dersom skuleeigar har avdekt at PPT sin praksis ikkje er i samsvar med til krava til å utarbeide sakkunnige vurderingar, må skuleeigar syt for at PPT endrar praksis. Skuleeigar vel sjølv om dei vil bestemme kva for tiltak eller handlingar PPT skal gjennomføre, eller om de overlét dette til PPT. Dersom skuleeigar overlét dette til PPT, må dei forsikre seg om at tiltaka og handlingane er tilstrekkelege for å kunne oppfylle krava til å utarbeide sakkunnige vurderingar. I begge tilfella må skuleeigar følgje opp at PPT faktisk gjennomfører det som er bestemt slik at krava blir oppfylt.

Skuleeigar må ta stilling til kva for tiltak det er tilstrekkeleg og hensiktsmessig å setje i verk for å endre praksis. Dette vil i stor grad avhenge av dei lokale forholda. Nokre gonger kan det vere tilstrekkeleg å bestemme og innarbeide ein fast framgangsmåte for korleis dei som jobbar på PPT skal utføre ei oppgåve. Andre gonger kan det vere meir hensiktsmessig å endre eksisterande praksis eller rutinar, dersom dei ikkje er i tråd med alle krava i lova. Viss PPT har bestemt rutinar tidlegare, for eksempel i form av skriftlege prosedyrar, kan det vere tilstrekkeleg å setje i verk tiltak for å innarbeide desse.

For at tiltaka skal vere tilstrekkelege, må PPT leggje til rette for at dei som jobbar der kan oppfylle krava til sakkunnige vurderingar. Det kan vere at dei treng arenaer for å drøfte faglege problemstillingar, eller at dei må få nok tid og høve til å kunne oppfylle krava i praksis.

### **Systemet som heilheit er forsvarleg**

Skuleeigar står fritt til å utforme systemet slik at det er tilpassa lokale forhold. For at skuleeigar kan seie at dei har eit system må dei skaffe seg informasjon om korleis PPT utarbeider sakkunnige vurderingar, bruke denne informasjonen til å vurdere om PPT

oppfyller krava som gjeld for sakkunnige vurderingar og eventuelt syte for at PPT endrar praksis.

For at systemet skal vere forsvarleg, må skuleeigar innhente og vurdere informasjon om PPT sin praksis jamleg. Samtidig må systemet vere fleksibelt, slik at skuleeigar har høve til å innhente og vurdere informasjon når risikoen tilseier det. Dersom brot på krava til sakkunnige vurderingar kan gå over lang tid utan å bli avdekt, er ikkje systemet forsvarleg.

Kva som er ofte nok og kor inngåande skuleeigar må undersøke PPT sin praksis, vil variere ut frå kjennskapen til PPT. Sannsynlegheit for brot på krava som gjeld sakkunnige vurderingar og kor alvorlege konsekvensar det kan ha for elevane, har noko å seie for kor ofte og inngåande de må undersøke PPT sin praksis. Dersom skuleeigar har rutinar for korleis PPT skal utarbeide sakkunnige vurderingar, kan det for eksempel vere tilstrekkeleg å undersøke at rutinane blir følgde av PPT. Dersom PPT har god kompetanse om korleis dei skal utarbeide sakkunnige vurderingar, kan det vere tilstrekkeleg å undersøke korleis dei jobbar med dette.

For at systemet skal vere forsvarleg, må skuleeigar vere kjend med kva som er passande rettetiltak og vere i stand til å gjennomføre desse tiltaka. Samtidig må systemet vere fleksibelt, slik at skuleeigar kan tilpasse korleis dei følgjer opp PPT ut frå risiko. Dersom brot på krava til å utarbeide sakkunnige vurderingar kan gå over lang tid utan å bli retta, er ikkje systemet forsvarleg.

Kva som skal til for at arbeidet med rettetiltak skal vere forsvarleg, vil variere ut frå kjennskapen til PPT. Dersom PPT har god kompetanse om krava til å utarbeide sakkunnige vurderingar, kan det vere tilstrekkeleg å be PPT setje i verk rettetiltak og følgje opp at tiltaka blir gjennomførde. Dersom PPT derimot ikkje har gode rutinar eller kompetanse, kan det vere behov for at de følgjer PPT tettare opp i ein periode til dei er rusta til å oppfylle krava til sakkunnige vurderingar.

### **3.2 Rettslege krav - hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen**

#### **Skaffe informasjon om korleis PPT hjelper skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen for å leggje betre til rette for elevar med særskilte behov, inkludert elevane sitt syn**

Kravet til eit forsvarleg system inneber at skuleeigar må innhente informasjon om korleis PPT tek hand om krava til å hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen for å leggje betre til rette for elevar med særskilte behov. Skuleeigar kan finne slik informasjon i PPT sine planar, rutinebeskrivingar og annan dokumentasjon som beskriv PPT sitt arbeid, og gjennom korrespondanse eller samtalar med PPT-leiinga, tilsette, elevar og foreldre.

Informasjonen skuleeigaren innhentar, må vere relevant og tilstrekkeleg til å kunne gi skuleeigar eit rett bilete av kva som er praksisen til PPT. For å få eit rett bilete, er det som regel nødvendig at skuleeigar baserer seg på informasjon frå fleire kjelder.

Spesialundervisning gjeld først og fremst elevane, og elevane har rett til å bli høyrde i saker som gjeld dei. De kan for eksempel få informasjon om elevane sine synspunkt på korleis PPT tek hand om krava til å hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og



organisasjonen frå elevar som har vedtak om spesialundervisning, jf. barnekonvensjonen artikkel 12.

### **Bruke informasjonen til å vurdere om PPT sitt arbeid er i samsvar med regelverket**

For å kunne vurdere om PPT oppfyller krava til å hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen, for å leggje betre til rette for elevar med særskilte behov, må skuleeigar ha ei rett forståing av lovkrava. Skuleeigar treng ikkje å ha inngåande kjennskap til alle krava, men må ha ein overordna kjennskap til kva krav som følgjer av regelverket og kva som skal til for å oppfylle dei.

Skuleeigar må bruke all informasjon dei har om praksisen til PPT til å vurdere om PPT oppfyller krava til å hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen, for å leggje betre til rette for elevar med særskilte behov. Skuleeigar kan ikkje sjå bort frå visse deler av informasjonen, men må bruke all informasjon dei har til å vurdere kva som er sannsynleg praksis hos PPT. I tillegg må de vurdere denne praksisen opp mot krava i regelverket.

### **Endre PPT sin praksis dersom det er nødvendig**

Dersom skuleeigar har avdekt at PPT sin praksis ikkje er i samsvar med til krava til å hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen, må skuleeigar syte for at PPT endrar praksis. Skuleeigar vel sjølv om dei vil bestemme kva for tiltak eller handlingar PPT skal gjennomføre, eller om dei overlét dette til PPT. Dette vil i stor grad avhenge av dei lokale forholda. Viss skuleeigar overlét dette til PPT, må eigar forsikre seg om at tiltaka og handlingane er tilstrekkelege for å kunne oppfylle krava til å hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen. I begge tilfella må skuleeigar følgje opp at PPT faktisk gjennomfører det som er bestemt slik at krava blir oppfylte.

Nokre gonger kan det vere tilstrekkeleg å bestemme og innarbeide ein fast framgangsmåte for korleis dei som jobbar på PPT skal utføre ei oppgåve. Andre gonger kan det vere meir hensiktsmessig å endre eksisterande praksis eller rutinar, dersom dei ikkje er i tråd med alle krava i lova. Viss PPT har bestemt rutinar tidlegare, for eksempel i form av skriftlege prosedyrar, kan det vere tilstrekkeleg å setje i verk tiltak for å innarbeide desse. Nokre gonger kan det vere meir hensiktsmessig å gi dei som jobbar i PPT kompetanse om kva for krav som gjeld for arbeidet med å hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen. I tillegg kan det vere nødvendig å gi dei som jobbar på PPT konkret kompetanse om korleis dei skal gå fram når dei skal hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen.

For at tiltaka skal vere tilstrekkelege, må PPT leggje til rette for at dei som jobbar der kan oppfylle krava til å hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen. Det kan vere at dei treng arenaer for å drøfte faglege problemstillingar, eller at dei må få nok tid og høve til å kunne oppfylle krava i praksis.

### **Systemet som heilheit er forsvarleg**

Skuleeigar står fritt til å utforme systemet slik at det er tilpassa lokale forhold. For at skuleeigar kan seie at dei har eit system, må dei skaffe seg informasjon om korleis PPT hjelper skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen, bruke denne informasjonen til å vurdere om PPT oppfyller krava til å hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen og eventuelt syte for at PPT endrar praksis.

For at systemet skal vere forsvarleg, må skuleeigar innhente og vurdere informasjon om PPT sin praksis jamleg. Samtidig må systemet vere fleksibelt, slik at de har høve til å innhente og vurdere informasjon når risikoen tilseier det. Viss brot på krava til å hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen kan gå over lang tid utan å bli avdekt, er ikkje systemet forsvarleg.

Kva som er ofte nok og kor inngåande skuleeigar må undersøke PPT sin praksis, vil variere ut frå kjennskapen til PPT. Sjansen for brot på krava til å hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen, og kor alvorlege konsekvensar det kan ha for elevane, har noko å seie for kor ofte og inngåande skuleeigar må undersøke PPT sin praksis. Viss skuleeigar har rutinar for korleis PPT skal hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen, kan det for eksempel vere tilstrekkeleg å undersøke at rutinane blir følgde av PPT. Viss PPT har god kompetanse om korleis dei skal hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen, kan det vere tilstrekkeleg å undersøke korleis dei jobbar med dette.

## **4. Fylkesmannens observasjonar, vurderingar og konklusjonar**

### **4.1 Utarbeide sakkunnige vurderingar**

Vi viser til dei rettslege krava under pkt. 3.1.

*Kontrollspørsmål: Skaffar skuleeigaren seg informasjon om korleis PPT utarbeider sakkunnige vurderingar, inkludert elevane sitt syn?*

Under dette kontrollspørsmålet undersøker vi om skuleeigaren skaffar seg relevant og tilstrekkeleg informasjon om korleis PPT utarbeider sakkunnige vurderingar.

Korkje Sogn PPT eller skuleeigar har levert inn planar, rutineskildringar eller annan dokumentasjon som skildrar PPT sine oppgåver som sakkunnig instans og PPT sine oppgåver i forhold til systemretta arbeid. Skuleeigar skriv i eigenvurderinga i RefLex at det er «(.) ingen skriftlege systemrutinar for jamlege undersøkingar av PPT sin praksis.»

I eigenvurderinga skriv skuleeigar at dei får informasjon i ulike samarbeidsmøte med tilsette i PPT på skulane, med PPT-leiar på kommunenivå og i eigarmøte. Tilsette i PPT og PPT-leiinga seier i intervju at dei ikkje har ei klar oppfatning av Aurland kommune si rolle som skuleeigar i forhold til PPT sine oppgåver. PPT forhold seg primært til rektor ved Flåm skule, men ikkje som skuleeigar.

I intervju seier skuleeigar at det er ikkje spesielle ting dei ser på i forhold til PPT si rolle som sakkunnig instans, men at dei er opptekne av at foreldra skal få kome til orde når PPT vurderer behov for spesialundervisning. Når det gjeld elevane si stemme i samband med sakkunnig vurdering, seier skuleeigar at dette ansvaret er delegert til skulane og at dei kan følgje opp gjennom pedagogisk utviklingsteam i kommunen. Skuleeigar seier vidare at dei som skuleeigar «ikkje (har) følgd godt nok med på elevane si stemme.»

PPT-leiinga svarar nei på spørsmålet i RefLex om skuleeigar følgjer med på om elevane får gi uttrykk for si meining når PPT greier ut og vurderer behovet for spesialundervisning. I intervju sier dei at dei forhold seg til rektor ved Flåm skule og ikkje anna.

Når det gjeld tilsynet med Sogn PPT, har vi for nokre kontrollspørsmål konkludert med at PPT sin praksis ikkje i samsvar med minimumskrava i regelverket. Dette gjeld

vektlegging av elevar sine synspunkt, særleg elevar over 15 år, eleven sitt utbytte av den ordinære opplæringa, eleven sine realistiske opplæringsmål og eit forsvarleg opplæringstilbod for eleven. Vi kan ikkje sjå at Skuleeigar har vurdert eller undersøkt nokre av desse forholda i form for risikovurdering. Dette forholdet er òg stadfesta i intervju med skuleeigar og PPT-leiinga ved Sogn PPT. Når det gjeld om det er spesielle forhold ved sakkunnighetsarbeidet som Aurland kommune som skuleeigar følgjer med på, svarar PPT-leiinga «(...) har ikkje (.) etterspurt informasjon om sakkunnige vurderingar.»

Når det gjeld involvering av foreldre, seier PPT-leiinga at rektorane er opptekne av å involvere foreldra, men dei oppfattar ikkje at Aurland kommune som skuleeigar er særleg opptatt av dette forholdet.

På spørsmål om PPT også skriv sakkunning vurdering der PPT ikkje tilrår spesialundervisning, sier skuleeigar at dei ikkje kjenner til om PPT har gjort slike vurderingar, men at skuleeigar ikkje følgjer «(...) spesielt med på dette området.» Innlevert sakkunning vurdering viser at PPT skriv sakkunnig vurdering i slike tilfelle.

### Fylkesmannens vurdering og konklusjon

Tilsynet har avdekket at skuleeigar i stor grad har delegert både oppgåver og ansvar til skolane, til dømes om dei sakkunnige vurderingane er i samsvar med regelverket. Skulefagleg ansvarleg seier òg i intervju at skuleeigar er avhengig av at skolane også gjer begge oppgåvene.

Sjølv om skuleeigar har ulike møtearenaer, til dømes pedagogisk utviklingsteam, er det likevel uklart korleis desse arenaene fungerer i forhold til Aurland kommune si rolle som skuleeigar.

Fylkesmannen vil presisere at skuleeigar kan delegere oppgåver til underintansar, men ansvaret som skuleeigar har dei ikkje høve til å delegere.. Skuleeigar har i for stor grad delegert sitt skuleeigaransvar til rektorane ved skolane i kommunen.

Fylkesmannen konkluderer med at Aurland kommune som skuleeigar ikkje har sannsynleggjort at dei skaffar seg relevant og tilstrekkeleg informasjon for å kunne ha eit korrekt bilete av PPT sin praksis når det gjeld arbeidet med sakkunnige vurderingar, inkludert elevane og foreldra sine meiningar.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

### Kontrollspørsmål: Bruker skuleeigaren denne informasjonen til å vurdere om PPT sitt arbeid er i samsvar med regelverket?

Vi undersøker om skuleeigaren bruker informasjonen om korleis PPT arbeider, til å vurdere om krava til å utarbeide sakkunnige vurderingar er oppfylte.

Skuleeigar svarar ja på spørsmålet i RefLex om skuleeigar brukar informasjon om PPT sin praksis til å vurdere om PPT oppfyller krava i regelverket. Skuleeigar kommenterer med at dei har jamlege møte i pedagogisk utviklingsteam og at tema knytt til PPT sin praksis kan stå på sakskartet. Skuleeigar har årlege møte med PPT-leiar i Sogn PPT. Skuleeigar har ikkje dokumentert dette i form av til dømes referat eller annan dokumentasjon.

I intervju seier skulefagleg ansvarleg at det er usikkert om det pedagogiske utviklingsteamet i kommunen har fått eit bestemt mandant frå Aurland kommune som skuleeigar, men at dette er eit samareidsforum for skule, barnehage. Leiargruppe for oppvekst og tillitsvalde kan òg delta.

Vidare sier skulefagleg ansvarleg at dei ikkje har sett dei store utfordringane med PPT. På denne bakgrunnen har ikkje skuleeigar sett spesielle svake sider eller utfordringar ved PPT. Skuleeigar opplyser og at det dei siste åra har vore vakanse i skulefagleg stilling, og difor har ikkje skuleeigar eit overordna årshjul, til dømes for det spesialpedagogiske feltet, men skulane har likevel sine årsplanar med fristar som dei følgjer.

#### Fylkesmannens vurdering og konklusjon

Vi har tidlegare konkludert med at skuleeigar ikkje har sannsynleggjort eit system for å skaffe seg informasjon om korleis Sogn PPT utarbeider sakkunnige vurderingar, inkludert elevane sitt syn.

Fylkesmannen kan difor heller ikkje konkludere med at skuleeigar har sannsynleggjort at skuleeigar brukar slik informasjon, det vil seie å vurdere om PPT sitt arbeid er i samsvar med regelverket.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

#### Kontrollspørsmål: Syter skuleeigaren for at PPT endrar praksis dersom det er nødvendig?

Vi undersøke om skuleeigaren syter for at PPT endrar praksis dersom krava til å utarbeide IOP-ar, ikkje er oppfylt.

Skuleeigar svarar ja på spørsmål i eigenvurderinga om dei syter for at PPT endrar praksis dersom det er nødvendig. PPT-leiinga svarer at dei reknar med det blir gjort.

Når det gjeld spørsmål om systemet er slik at skuleeigar avdekkjer forhold som er strid med regelverket, svarar skuleeigar nei på dette i RefLex. Skuleeigar svarar også nei på spørsmål om systemet er slik at skuleeigar set i verk tiltak når krava til sakkunnige vurderingar, ikkje er oppfylt. Skuleeigar kommenterer svara med at dei har ingen skriftlege systemrutinar for jamlege undersøkingar av PPT sin praksis. Skuleeigar skriv vidare at dei er avhengige av samarbeidet skulane har med Sogn PPT rundt spesialundervisninga, også med tanke på å kunne endre PPT sin praksis.

#### Fylkesmannens vurdering og konklusjon

Sjølv om skuleeigar svarer ja på nokre av spørsmåla i eigenvurderinga under dette kontrollspørsmålet, svarer skuleeigar også nei på fleire spørsmål om skuleeigar sitt system, til dømes om skuleeigar avdekker forhold som er i strid med regelverket og om skuleeigar set i verk tiltak dersom lovkrava ikkje er oppfylt. Med andre ord meiner skuleeigar at deira system ikkje er i samsvar med regelverket.

Fylkesmannen konkluderer difor med at Aurland kommune som skuleeigar ikkje har sannsynleggjort eit system som er i samsvar med lovkrava på dette punktet, det vil seie om systemet er utforma med tanke på at skuleeigar kan endre PPT endrar praksis dersom nødvendig.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

Kontrollspørsmål: Er skuleeigarens system som heilheit forsvarleg?

Vi har konkludert med regelverksbrot i forhold til dei andre kontrollspørsmåla under dette tilsynstemaet. Skuleeigar si avveging av risiko vil vere sentral for å vurdere om systemet som heilheit er forsvarleg. Om systemet er slik at det er sannsynleg at brot på regelverket ville blitt avdekt og retta opp av skuleeigaren innan rimeleg tid, er også eit sentralt element. For Aurland kommune er ikkje desse forholda i samsvar med minimumskrava i regelverket.

Fylkesmannens vurdering og konklusjon

Fylkesmannen konkluderer med at Aurland kommune som skuleeigar ikkje har eit heilskapleg system og som er forsvarleg. Det vil seie å kunne vurdere PPT sitt arbeid med sakkunnige vurderingar.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

## **4.2 Hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen**

Vi viser til dei rettslege krava under pkt. 3.2.

Kontrollspørsmål: Skaffar skuleeigaren seg informasjon om korleis PPT hjelper skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen for å leggje betre til rette for elevar med særskilde behov, inkludert elevane sitt syn?

Vi undersøker om Aurland kommune som skuleeigar skaffar seg relevant og tilstrekkeleg informasjon om korleis PPT hjelper skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen for å leggje betre til rette for elevar med særskilte behov. Vidare undersøker vi om skuleeigar skaffar seg informasjon om elevane sitt syn på dette.

Skuleeigar svarar ja, medan PPT-leiinga svarer nei på spørsmål om dei hentar inn informasjon om korleis PPT hjelper skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen for å leggje betre til rette for elevar med særskilte behov. Skuleeigar kommenterer svaret med at det kan vere tema på møte i det pedagogiske utviklingsteamet i kommunen. Skulefagleg ansvarleg seier i intervju at det er usikkert om skuleeigar har gitt det pedagogiske utviklingsteamet i kommunen eit bestemt mandat, men at temaet er samareidsforum for skule, barnehage. Leiargruppe for oppvekst og tillitsvalde kan òg delta.

I intervju seier skulefagleg ansvarleg at det ikkje er henta inn informasjon spesielt i forhold til denne oppgåva til PPT, det vil seie å hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen for å leggje betre til rette for elevar med særskilte behov, inkludert elevane sitt syn. Skulefagleg ansvarleg seier at Sogn PPT er til stades på skulane annakvar veke for mellom anna å kunne drøfte forhold med tenesta.

Både skuleeigar og PPT-leiing svarar derimot nei på spørsmålet om skuleeigar hentar inn informasjon om korleis elevane opplever at PPT tek i vare kravet om å hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen. PPT-leiing kommenterer at PPT-leiar er sjukemeldt, og kan hende at ho ville svart annleis.

I eigenvurderinga seir skuleeigar at dei kjenner til lovkrava som seier at PPT skal hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen for å leggje betre til rette for

elevar med særskilde behov, inkludert elevane sitt syn. I kommentaren viser skuleeigar til at dei kjenner til lovkrava som er «(...) skildra i rettleiar for spesialundervisning hjå Udir.»

### Fylkesmannens vurdering og konklusjon

I dette kontrollspørsmålet undersøker vi om Aurland kommune som skuleeigar imøtekjem kravet til eit forsvarleg system i forhold til PPT sine oppgåver, dvs. å hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen for å leggje betre til rette for elevar med særskilte behov. Aktuell informasjon kan vere PPT sine planar, rutinebeskrivingar og annan dokumentasjon som skildrar PPT sitt arbeid, og gjennom korrespondanse eller samtalar med PPT-leiinga, tilsette, elevar og foreldre.

Korkje Sogn PPT eller Aurland kommune som skuleeigar har levert inn planar, rutineskildringar eller annan dokumentasjon som skildrar PPT sine oppgåver som sakkunnig instans og i forhold til systemretta arbeid. Skuleeigar skriv i eigenvurderinga i RefLex at det er «(.) ingen skriftlege systemrutinar for jamlege undersøkingar av PPT sin praksis.»

Både skuleeigar og PPT-leiinga svarar nei på fleire av spørsmåla i RefLex som er knytt til dette kontrollspørsmålet. Skulefagleg ansvarleg seier òg i intervju at skuleeigar sitt bilete av PPT sin praksis på dette området kunne vore betre, det vil seie å hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen. Vi finn at Aurland kommune i for liten grad har dokumentert Sogn PPT sine oppgåver gjennom planar, rutineskildringar eller annan dokumentasjon. Då skuleeigar også i stor grad overlate sitt ansvar til skulane, vil heller ikkje skuleeigar ha oversikt i kva grad Sogn PPT tek i vare dette lovkravet.

Fylkesmannen konkluderer med at Aurland kommune som skuleeigar ikkje har dokumentert eit innarbeidd og forsvarleg system for å skaffe seg informasjon om korleis PPT hjelper skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen for å leggje betre til rette opplæringa for elevar med særskilte behov, inkludert elevane sitt syn.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

### *Kontrollspørsmål: Bruker skuleeigaren denne informasjonen til å vurdere om PPT sitt arbeid er i samsvar med regelverket (utvikle kompetansen og organisasjonen)*

Skuleeigar må bruke all informasjonen dei har om praksisen til PPT til å vurdere om PPT oppfyller krava til å hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen for å leggje betre til rette for elevar med særskilte behov. Skuleeigar kan ikkje sjå bort frå visse deler av informasjonen, men må bruke all informasjon dei har til å vurdere kva som er PPT sin sannsynlege praksis.

Aurland kommune som skuleeigar svarar ja på spørsmålet i RefLex om dei brukar informasjon for å vurdere om PPT sin praksis oppfyller krava i regelverket. Skuleeigar kommenterer ikkje svaret nærare.

I intervju sier skulefagleg ansvarleg at dei kan snakke om dette i det pedagogiske utviklingsteamet i kommunen. Då skuleeigar ikkje har sett dei store utfordringane med PPT sitt arbeid i forhold til denne oppgåva, har dei ikkje gjort risikovurdering då dei opplever at Sogn PPT leverer gode tenester. Vidare seier skulefagleg ansvarleg at dei

opplever at Sogn PPT er opne på kva kompetanse dei kan tilby, og at tenesta også hentar inn kompetanse dersom dei manglar.

PPT-leiinga seier i intervju at dei heller ikkje kjenner til om skuleeigar gjer vurderingar av PPT sin praksis innafor dette området.

#### Fylkesmannens vurdering og konklusjon

Under førre kontrollspørsmål konkluderte vi med at Aurland kommune som skuleeigar ikkje har dokumentert eit innarbeidd og forsvarleg system for å skaffe seg informasjon om korleis PPT hjelper skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen. Både skulefagleg ansvarleg og PPT-leiinga seier både i eigenvurdering og i intervju at dei ikkje har skriftlege rutinar i forhold til PPT sine oppgåver. Skuleeigaren har i stor grad overlete skuleeigaransvaret til skulane, og har på den måten ikkje nok informasjon for å kunne vurdere om PPT sitt arbeid er i samsvar med regelverket.

Fylkesmannen konkluderer med at Aurland kommune som skuleeigar ikkje har dokumentert eit forsvarleg system som viser at skuleeigar brukar informasjon for å vurdere om Sogn PPT sin praksis er i samsvar med regelverket. Det vil seie å utvikle kompetansen og organisasjonen for å leggje betre til rette for elevar med særskilde behov, inkludert elevane sitt syn.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

#### Kontrollspørsmål: Syter skuleeigaren for at PPT endrar praksis dersom det er nødvendig?

Dersom skuleeigar har avdekt at PPT sin praksis ikkje er i samsvar med til krava til å hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen, må skuleeigar syte for at PPT endrar praksis. Skuleeigar vel sjølv om dei vil bestemme kva for tiltak eller handlingar PPT skal gjennomføre, eller om de overlét dette til PPT.

Under dette kontrollspørsmålet svarar både skuleeigar og PPT-leiinga ja på spørsmål om skuleeigar endrar praksis dersom dei vurderer krava om å hjelpe skulane ikkje er oppfylt, det vil seie å utvikle kompetansen og organisasjonen. I intervju med skulefagleg ansvarleg kan ikkje denne vise til konkrete høve der dette har skjedd.

Skuleeigar svarar nei på spørsmål i RefLex om systemet er slik at det avdekkar forhold som er i strid med regelverket. I kommentarane forkarar skuleeigar dette med at dei ikkje har skiftlege rutinar for å undersøkje dette jamleg: «Dette er avhengig av skulane sin tilbakemelding om det vert opplevd at dette ikkje er godt nok.»

#### Fylkesmannens vurdering og konklusjon

Det kan nok ha skjedd at PPT har endra praksis på skulane. Til dømes er det vist til endringar etter at PPT-tilsette har gjennomført vidareutdanning i sakkunnig vurdering. Vi kan ikkje sjå at det er blitt gjennomført endringar på grunn av at skuleeigar har funne dette naudsynt. Skulefagleg ansvarleg viser heller ikkje til konkrete døme på at dette har skjedd, det vil seie å hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen.

Fylkesmannen konkluderer med at Aurland kommune som skuleeigar ikkje har dokumentert eit forsvarleg system der dei kan fange opp manglar ved PPT sin praksis og gjennomføre naudsynte endringar.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

Kontrollspørsmål: Er skuleeigarens system som heilheit forsvarleg?

Skuleeigar står fritt til å utforme sitt system slik at det er tilpassa lokale forhold. For at de kan seie at dei har eit system må skuleeigar skaffe seg informasjon om korleis PPT hjelper skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen, bruke denne informasjonen til å vurdere om PPT oppfyller krava til å hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen, og eventuelt syte for at PPT endrar praksis.

For at systemet skal vere forsvarleg, må skuleeigar hente inn og vurdere informasjon om PPT sin praksis jamleg. Samtidig må systemet vere fleksibelt, slik at skuleeigar har høve til å innhente og vurdere informasjon når risikoen tilseier det. Dersom brot på krava om å hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen kan gå over lang tid utan å bli avdekt, er ikkje systemet forsvarleg.

Vi har konkludert med regelverksbrot på dei andre kontrollspørsmåla under dette tilsynstemaet. Skuleeigarens avveging av risiko vil også vere sentral for å vurdere om systemet som heilheit er forsvarleg. Om systemet er slik at det er sannsynleg at brot på regelverket ville blitt avdekt og retta opp av skuleeigaren innan rimeleg tid, er også eit sentralt element.

Fylkesmannens vurdering og konklusjon

Fylkesmannen konkluderer med at Aurland kommune som skuleeigar ikkje har eit heilskapleg system og som er forsvarleg. Det vil seie å kunne vurdere korleis PPT hjelper skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen for å leggje betre til rette for elevar med særskilde behov, inkludert elevane sitt syn.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.



## 5. Førehandsvarsel om vedtak

Vi har i kapitel 4 vist til brot på gjeldande regelverk som gjeld for PPT sitt arbeid «Utarbeide sakkunnige vurderingar» og «Hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen for å leggje betre til rette for elevar med særskilte behov.» Dette er eit førehandsvarsel om vedtak etter forvaltningslova § 16.

Aurland kommune kan uttale seg om Fylkesmannens tolking, det faktiske grunnlaget som er lagt til grunn, og våre vurderingar og konklusjonar.

Etter utløpet av fristen vil Fylkesmannen utarbeide ein endeleg tilsynsrapport. I den endelege tilsynsrapporten vil kommunen få ein rimeleg frist til å rette regelverksbrot. Dersom regelverksbrot ikkje er retta innan fristen i den endelege tilsynsrapporten, vil Fylkesmannen vedta pålegg om retting.

Vi varslar at følgjande pålegg kan bli vedteke:

### **Fatte vedtak om spesialundervisning og oppfylle krava til enkeltvedtak**

*1. Kommunen må syte for å ha eit forsvarleg system for å vurdere og følgje opp at pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) oppfyller krava til å utarbeide sakkunnige vurderingar i samsvar med enkeltvedtaka, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd. Aurland kommune må i samband med dette sjå til at*

- a. skuleeigar skaffar seg informasjon om korleis PPT utarbeider sakkunnige vurderingar, inkludert elevane sitt syn
- b. skuleeigar nyttar denne informasjonen til å vurdere om PPT sitt arbeid er i samsvar med regelverket
- c. skuleeigar syter for at PPT endrar praksis dersom dette er naudsynt
- d. skuleeigars system som heilheit er forsvarleg

### **Hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen for å leggje betre til rette for elevar med særskilte behov**

*2. Kommunen må syte for å ha eit forsvarleg system for å vurdere og følgje opp at PPT oppfyller krava til å hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen for å leggje betre til rette for elevar med særskilte behov, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd. Aurland kommune må i samband med dette sjå til at*

- a. skuleeigar skaffar seg informasjon om korleis PPT hjelper skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen for å leggje betre til rette for elevar med særskilte behov, inkludert elevane sitt syn
- b. skuleeigar brukar denne informasjonen til å vurdere om PPT sitt arbeid er i samsvar med regelverket
- c. skuleeigar syter for at PPT endrar praksis dersom dette er naudsynt
- d. skuleeigars system som heilheit er forsvarleg

## 6. Frist for retting av brot på regelverket

Kommunen skal setje i verk tiltak for å rette brot på regelverket straks. Når pålegga er retta, skal de erklære at rettinga er gjennomført og gjere greie for korleis de har retta.

Kommunen har frist for retting av regelverksbrota til **23. mars 2020**.

Kommunen skal sende ei erklæring til Fylkesmannen om at forholda er retta og ei utgreiing om korleis brota er retta.

Dersom regelverksbrota ikkje er retta til fristen, vil vi vedta pålegg om retting. Eit pålegg om retting er eit vedtak som de kan klage på, jf. forvaltningslova kapittel VI.

Kommunen har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Leikanger 3.januar 2020

Helge Pedersen  
tilsynsleiar

Karstein Fardal  
seniorrådgjevar

## **Vedlegg: Dokumentasjonsgrunnlaget**

Tilsynstema:

Gjere vedtak om spesialundervisning og oppfylle krava til enkeltvedtak.

Hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen for å leggje betre til rette for elevar med særskilte behov.

### Innsendte dokument

Eigenvurdering frå skuleeigar gjennom RefLex

Eigenvurdering frå PPT-leiing ved Sogn PPT gjennom RefLex

### Intervju

Videointervju med skulefagleg ansvarleg og påtroppande rådgjevar

Fungerande PPT-leiing ved Sogn PPT